




## Standpunktakarater 2023

Rettleiing ved handsaming av klage i grunnskulen



# Innhold

1. Generelt .....	3
1.1 Regelverket om fastsetting av standpunktakaracter .....	3
1.2 Klagefristar .....	3
1.3 Informasjons- og rettleiingsplikta til skulen.....	4
1.4 Skjema .....	4
2. Klage på fagkarakter .....	5
2.1 Oversikt over sentrale føresegner .....	5
2.2 Om sluttvurderinga – fastsetting av standpunktakaracter .....	6
2.3 Ikkje grunnlag for å sette karakter – krav om varsling .....	6
2.4 Klagehandsaming .....	7
2.5 Opplysingar til utfylling i det digitale skjemaaet .....	7
2.6 Fråsegn frå faglærar.....	8
2.7 Fråsegn frå rektor om sakshandsaminga .....	9
2.8 Ny vurdering – endeleg karakter .....	10
3. Klage på karakter i orden og åtferd.....	10
3.1 Om vurderinga i orden og i åtferd .....	11
3.2 Varsling.....	11
3.3 Dokumentering .....	12
3.4 Fråsegn frå rektor og kontaktlærar .....	12
3.5 Endeleg karakter i orden/åtferd .....	13

# 1. Generelt

## 1.1 Regelverket om fastsetting av standpunktakarakter

Fastsetting av standpunktakarakterar er enkeltvedtak, jf. forskrift til opplæringslova § 3-14 fjerde ledd. Enkeltvedtak skal grunngjenvæst, jf. forvaltningslova § 24.

Det kan klagast på fastsetting av standpunktakarakter og på vedtak om ikkje å sette standpunktakarakter, jf. forskrift til opplæringslova § 5-1. Det er ikkje klagerett på undervegsvurdering.

Alle klager på standpunktakarakter som vert sett fram for skulen, skal sendast vidare til Statsforvaltaren som klageinstans, jf. forskrift til opplæringslova § 5-12.

Rektor kan ikkje endre vedtak om karakterfastsetting, eller late vere å sende klagen vidare til klageinstansen.<sup>1</sup> Dette gjeld sjølv om skulen finn klagen rettkomen. Rektor kan endre eventuelle feilføringer.

Forskrift til opplæringslova set ein siste frist for fastsetting av standpunktakarakter i fag med sentralt og lokalt gitt eksamen, jf. forskrifta § 3-15 tredje og fjerde ledd. Den enkelte skule kan eventuelt sette ein tidlegare frist for å kunne ivareta eleven sin klagerett og karakterjustering for inntak i vidaregåande opplæring.

Standpunktakarakter i orden og i åtferd skal fastsettast etter at opplæringa er avslutta, jf. forskrift til opplæringslova § 3-16 første ledd. Rektor har ansvaret for at standpunktakarakterar i orden og åtferd blir fastsette etter drøfting med kontaktlærar og dei andre lærarane til eleven, jf. forskrift til opplæringslova § 3-16 andre ledd.

## 1.2 Klagefristar

Fristen for å klage på vedtak om standpunktakarakter er ti dagar frå det tidspunktet melding om vedtaket kjem fram til den som har klagerett, jf. forskrift til opplæringslova § 5-5. I nokon tilfelle kan

---

<sup>1</sup> Utdanningsdirektoratet, *Behandling av klager på standpunktakarakterer i fag*, punkt 3: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktakarakterer-i-fag/>

klagen takast til behandling sjølv om det er klagat etter fristen, jf. forvaltningslova § 31.<sup>2</sup> Fell klagefristen på ein laurdag, søndag eller helgedag, går fristen ut på følgjande kvardag.

Klagar har rett til å be om grunningføring før ein eventuell klage vert sett fram. Klagefristen blir avbroten når den som har klagerett ber om grunngjeving for vedtaket. Ein ny klagefrist på ti dagar gjeld frå det tidspunktet klagaren får grunngjevinga, jf. forskrift til opplæringslova § 5-5 tredje ledd.

Dersom skulen avviser klagat den er levert for seint, er dette eit vedtak som det kan klagast på. Klagefristen er då 3 veker, jf. forvaltningslova § 29.

Klage på standpunktcharakter må handsamast så raskt som råd.<sup>3</sup> Dette er særleg viktig for elevar på 10. trinn. Vi oppmodar derfor skulane til å sende inn klagesakene fortløpende og ikkje vente til alle klagesakene kan sendast samla.

Rektor må sikre god framdrift i klagehandsaminga. Lærarane bør vere tilgjengelege i det tidsrommet der det kan vere trøng for å grunngi og/eller gi fråsegn om karakterfastsetjinga.

## 1.3 Informasjons- og rettleiingsplikta til skulen

Skulen skal gjere elevar og foreldre kjende med klageretten og klagefristen. Rektor må sjå til at informasjonsplikta blir oppfylt. I klagesaker må skulen dokumentere at eleven og/eler foreldre har fått slik informasjon.

Informasjonen til elev og foreldre må som eit minimum innehalde:

- kva for karakter det kan klagast på
- generell informasjon om klagerett og klagefrist
- opplysning om at klage på standpunktcharakter bør grunngjevest
- opplysning om at klagar har rett til å be om grunningføring før eventuell klage vert sett fram
- vi tilrår at grunngjeving blir gitt skriftleg

## 1.4 Skjema

Vi ber om at oversending av klage skjer elektronisk ved hjelp av systemet på denne lenka:

---

<sup>2</sup> Føresegna viser til at sjølv om klagaren har klagat etter frist, kan klagen takast til behandling dersom den med klagerett ikkje kan lastast for å ha klagat etter fristen, eller det av særlege grunnar er rimeleg at klagen blir behandla.

<sup>3</sup> Forvaltningsorgan skal førebu og avgjere saker utan ugrunna opphald, jf. forvaltningslova § 11a.

[https://skjema.no/sf/confirmprivacylogin?shortname=klage\\_pa\\_standpunktakrater&returnUrl=https%3A%2F%2Fskjema.no%2Fsf%2Fklage\\_pa\\_standpunktakrater&userLoggedInWithSecurityLevel=0&requiredSecurityLevel=3](https://skjema.no/sf/confirmprivacylogin?shortname=klage_pa_standpunktakrater&returnUrl=https%3A%2F%2Fskjema.no%2Fsf%2Fklage_pa_standpunktakrater&userLoggedInWithSecurityLevel=0&requiredSecurityLevel=3)

System for elektronisk oversending følger same oppsett og rutinar som skjemaet "Klage på standpunktakrater".

Skjema skal nyttast både ved oversending av klage på standpunktakrater i fag og ved klage i orden og i åtferd. Vi ber om at det blir fylt ut eitt skjema for kvar karakter det blir klaga på.

## 2. Klage på fagkarakter

### 2.1 Oversikt over sentrale føresegner

Sentrale føresegner ved klage på fagkarakter		
	<u>Forskrift til opplæringslova</u>	<u>Forvaltningslova</u>
Kapittel 3: Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregående opplæring	Kapittel 5: Klage på vurdering	Kapittel VI. Om klage og omgjøring
§ 3-2 Rett til vurdering § 3-3 Vurdering i fag § 3-8 Varsling § 3-14 Sluttvurdering § 3-15 Standpunktakrater i fag	§ 5-1 Kva det kan klagast på § 5-2 Kven som kan klage § 5-3 Avgjerd i klagesaka § 5-4 Saksgangen ved klage § 5-5 Klagefristar § 5-6 Formkrav § 5-7 Rett til grunngiving § 5-12 Klage på standpunktakrater. Klageinstans og klagehandsaming	§ 29 Klagefrist § 31 Oversitting av klagefristen § 34 Klageinstansens kompetanse
<b>For utdjupande tolking av kapittel 3 viser vi til rundskriv Udir-2-2020</b> <a href="https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vurdering/udir-2-2020-individuell-vurdering/">https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vurdering/udir-2-2020-individuell-vurdering/</a>		
<b>For meir informasjon om standpunktvurdering og vurdering sjå sidene til Udir:</b> <a href="http://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/sluttvurdering/standpunktvurdering/">http://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/sluttvurdering/standpunktvurdering/</a> <a href="https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/">https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/</a>		

## 2.2 Om sluttvurderinga – fastsetting av standpunktakrakter

Sluttvurdering skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket. Eleven skal ha fått høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar. Kravet til breidde i vurderingsgrunnlaget rettar seg både mot omfang av kompetansemål og til breidde og variasjon i vurderingsformer. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktakrakteren skal fastsettast.

Sjølv om det har vore avsluttande vurderingar undervegs i opplæringa, skal læraren gjere ei totalvurdering av eleven sin kompetanse ved fastsetting av standpunktakrakteren. Det betyr ikkje at læraren må vurdere eleven i alle kompetansemåla i læreplanen for faget rett før standpunktakrakteren vert fastsett, men læraren skal nytte sitt faglege skjøn til å gjere ei samla vurdering av eleven sin kompetanse ut frå kompetansemåla.

Læraren kan derfor ikkje legge saman karakterar frå undervegsvurderinga og gi ein standpunktakrakter som er eit matematisk gjennomsnitt av desse karakterane.

Vi gjer merksam på at karakterstøttande prøvar og tidlegare eksamensoppgåver ikkje dekker heile faget, men kan vere til hjelp i vurderingsarbeidet.

Eleven skal vere kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av standpunktakrakteren.

I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytt til ordenen og åtferda til eleven trekkast inn. Eleven sin innsats skal berre vere ein del av vurderingsgrunnlaget dersom dette følgjer av kompetansemåla.<sup>4</sup>

## 2.3 Ikkje grunnlag for å sette karakter – krav om varsling

Stort fråvær, manglende deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårvurdering med karakter eller standpunktakrakter manglar.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktakrakter, har rektor ansvaret for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktakrakter ikkje blir gitt.

---

<sup>4</sup> Utdanningsdirektoratet, *Behandling av klager på standpunktakrakter i fag*, punkt 4: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktakrakter-i-fag/4.-hva-skal-klageinstansen-se-pa/>

For at det skal kunne gjerast enkeltvedtak om ikkje å gi karakter, skal eleven og foreldra vere varsle, jf. forskrift til opplæringslova § 3-8. Dersom det er fare for at eleven ikkje kan få halvårvurdering med karakter eller standpunktcharakter i eitt eller fleire fag, skal skriftleg varsel:

- sendast til eleven og foreldra
- vere datert
- sendast utan ugrunna opphald, slik at eleven får høve til å skaffe grunnlag for halvårvurdering med karakter eller standpunktcharakter

Varselet skal givast straks det er klart at det er fare for bortfall av karakter, og skal gi eleven høve til å gå karakter i fag.

Ved ein eventuell klage må kopi av varselbrevet vere lagt ved klagen, og skulen må kunne dokumentere at foreldra har sett varselet.

## 2.4 Klagehandsaming

Klager på standpunktcharakterar skal sendast til skulen. Statsforvaltaren er klageinstans.

Klageinstansen kan berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde.

Ved oversending av klaga til Statsforvaltaren, skal det følgje med fråsegn frå faglærar og rektor.

I ei klagesak skal faglæraren gje ein uttale om korleis karakteren er fastsett, og rektor skal gje ein uttale om skulen si sakshandsaming.

Meir utfyllande informasjon om kva Statsforvaltaren ser på som klageinstans, finn de i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om behandling av klager på standpunktcharakterar i fag (kap. 4 og 5).<sup>5</sup>

## 2.5 Opplysingar til utfylling i det digitale skjemaet

- Informasjon om eleven sin alder. Eleven må ha fylt 15 år for å klage sjølv.
- Informasjon om karakter frå siste halvårvurdering og standpunktcharakter.
- Informasjon om klagen er sett fram innan fristen.
- Informasjon om når og korleis skulen har informert om klageretten.
- Tidspunkt for når skulen har sendt kopi av dokumenta i saka til klagar.
- Anna dokumentasjon frå skule/heim som kan ha innverknad på klagebehandlinga.

---

<sup>5</sup> <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktcharakterer-i-fag/>

## 2.6 Fråsegn frå faglærar

Det er rektor sitt ansvar å kvalitetssikre uttalen frå faglærar og sjå til at grunnlaget for karaktersettinga er i tråd med kapittel 3 i forskrift til opplæringslova. Rektor har ansvaret for at saka er godt nok opplyst til at klageinstansen kan behandle klaga.

Fråsegna skal vere konkret og må innehalde ein omtale av følgjande:

- Standpunktakrakten er uttrykk for eleven sin kompetanse *ved avslutninga av opplæringa*.
- Karakteren er sett på grunnlag av *rett læreplan* for faget.
- *Kompetansemåla i faget* har vore grunnlag for vurderinga.
  - Det er ikkje tillate å sette standpunktakrakten på grunnlag av berre nokre utvalde kompetansemål.
- Standpunktakrakten er uttrykk for den *samla kompetansen* eleven har ut frå læreplanen i faget.
  - Dette betyr mellom anna at faglærar må grunngje eleven sin kompetanse med konkrete døme som samla dekker kompetansemåla i faget.
- Standpunktakrakten er sett på grunnlag av at eleven har vist kompetanse i faget på *fleire og varierte måtar*.
- Eleven er *gjort kjend med* måla for opplæringa og kva som blir lagt vekt på ved fastsettinga av standpunktakrakten.
- Svar på det eleven eller foreldra peikar på i klagen.
- Det må òg gå fram av uttalen at det ikkje er lagt vekt på omsyn som ligg utanfor kompetansemåla, som til dømes eleven sine føresetnader, fråvær, orden eller åtferd. Innsats skal berre vere ein del av vurderingsgrunnlaget dersom det følgjer av kompetansemåla.<sup>6</sup>

Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6 og berre heile talkarakterar skal brukast. Faglærar må vise kva kompetanse eleven har vist som gjer at han/ho får den aktuelle karakteren.

---

<sup>6</sup> Ved vurdering i kroppsøvingsfaget er innsatsen til elevane ein del av kompetansen, og difor ein del av grunnlaget for vurdering. Innsats i kroppsøving inneber at eleven prøver å løyse faglege utfordringar etter beste evne utan å gi opp, viser sjølvstende, utfordrar sin eigen fysiske kapasitet og samarbeider med andre.

Skjematisk kan innhaldet i faglærar si fråsegn illustrerast slik:

Innleiing om vurderingsgrunnlaget		
Kompetansemål i faget	Vurderingskriterium/ Kjenneteikn på måloppnåing	Vurdering av kompetansen til eleven opp mot kompetansemåla i faget
Standpunktakarakter ut frå ei heilskapleg vurdering av den samla kompetansen eleven har i faget		

## 2.7 Fråsegn frå rektor om sakshandsaminga

Rektor skal skildre at saksgangen på skulen har vore i samsvar med forskrifta. Dette omfattar mellom anna at skulen har oppfylt eleven sin rett til individuell vurdering etter forskrifta § 3-2. Retten til individuell vurdering inkluderer både retten til undervegsvurdering og sluttvurdering.<sup>7</sup>

Rektor skal som eit minimum kort skildre skulen sine prosedyrar for fastsetting av standpunktakarakterar. Dette inkluderer tidspunktet for når standpunktakarakteren det er klaga på er fastsett.

Rektor skal i uttalen sin gjere greie for at standpunktakarakteren er fastsett i samsvar med forskrifta § 3-15. Ein sentral del av dette er at rektor har gått gjennom uttalen frå faglærar og kvalitetssikra denne opp mot regelverket. Rektor må synleggjere at ho eller han meiner at faglærar si uttale viser at standpunktakarakteren er i samsvar med forskrifta. Rektor må sikre at klagaren sine merknader vert kommentert dersom det er nødvendig.

Rektor må sikre at eleven har blitt høyrt i dei tilfella det er føresette som vel å klage, jf. barnekonvensjonen art. 12.

Skulen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon frå faglærar om karakterfastsettinga er tilgjengeleg i den perioden klagehandsaminga pågår.

---

<sup>7</sup> Ein klage på standpunktakarakter som er grunngjeve i at eleven ikkje har fått den undervegsvurderinga han eller ho har krav på, fører ikkje til at vedtaket blir oppheva. Dette er fordi det etter forskrift til opplæringslova § 5-1 er klagerett på standpunktakarakter, og ikkje undervegsvurdering. Det er likevel nødvendig at rektor i sin uttale synleggjer at vurderingsarbeidet på skulen, inkludert arbeidet med undervegsvurdering, er i samsvar med forskrifta.

## 2.8 Ny vurdering – endeleg karakter

Dersom klagen blir funnen rettkomen av klageinstansen, blir standpunktcharakteren oppheva og klagen sendt tilbake til skulen for ny behandling.

Rektor og faglærar gjer ei ny vurdering med utgangspunkt i dei punkta klageinstansen har peikt på i vedtaket. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerdha skal grunngjevast.

Denne avgjerdha kan det ikkje klagast på. Orientering om endeleg karakter og grunngjevinga til rektor skal sendast klagaren med kopi til Statsforvaltaren og skuleeigar.

Dersom karakteren blir endra for elevar på 10. trinn, må rektor sende melding om dette til intakskontoret for vidaregåande opplæring.

## 3. Klage på karakter i orden og åtferd

<u>Forskrift til opplæringslova</u>					
<b>Kapittel 3:</b> Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregåande opplæring		<b>Kapittel 5:</b> Klage på vurdering		<b>Kapittel 20</b> Foreldresamarbeid i grunnskulen og vidaregående opplæring	
§ 3-2 Rett til vurdering	§ 3-4 Vurdering i orden og i åtferd	§ 5-1 Kva det kan klagast på	§ 5-2 Kven som kan klage	§ 20-1 Formålet med foreldresamarbeid	§ 20-3 Foreldresamarbeid i grunnskulen
<u>Forvaltningslova</u>					
§ 29 Klagefrist	§ 31 Oversittig av klagefristen	§ 34 Klageinstansens kompetanse			

### 3.1 Om vurderinga i orden og i åtferd

Skuleeigar skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskulen, jf. opplæringslova § 9 A-10. Reglementet skal innehalde reglar om orden og åtferd, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skulen sitt ordensreglement er grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Elevane skal vere kjende med skulen sitt ordensreglement og korleis det blir brukt for å vurdere deira orden og åtferd. Skulen må kunne dokumentere dette.

Vurdering i orden heng saman med om eleven er punktleg, førebudd og følgjer opp arbeid, jf. forskrift til opplæringslova § 3-4 tredje ledd.

Vurdering i åtferd heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre, jf. forskrift til opplæringslova § 3-4 fjerde ledd.

Kompetanse i fag skal ikkje trekkast inn i vurdering i orden eller åtferd. Det skal takast omsyn til føresetnadane til eleven i vurderinga, jf. forskrift til opplæringslova § 3-4 femte ledd. Når ein skal avgjere om eleven skal få ein anna karakter enn god (G), skal det takast omsyn til kva som vil vere god orden og kva som vil vere god åtferd for eleven. Dette inneber at elevar som etter ei objektiv vurdering ut frå ordensreglementet aldri vil kunne få karakteren god, likevel kan få det, fordi eleven si åtferd og/eller orden vurdert ut frå eleven sine føresetnader er god. Det er ikkje krav om at eleven har ein diagnose, og skulen må gjere ei skjønsvurdering i kvart tilfelle.

Til vanleg skal det ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar. Unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov, jf. forskrift til opplæringslova § 3-4 sjette ledd.

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at skulen har rutinar for å dokumentere elevane sin orden og åtferd.

### 3.2 Varsling

Forskrifta krev at skulen sender varsel dersom det er fare for at eleven kan få nokså god (Ng) eller lite god (Lg) ved halvårvurdering med karakter eller standpunktcharakter i orden og åtferd. Varselet skal vere skriftleg, og sendast til elevar *og* foreldre til elevar under 18 år.

Eleven, og foreldra dersom eleven er under 18 år, skal varslast *straks det er klart at det er fare for nedsett karakter*. Varselet skal gi eleven høve til å ikkje få nedsett karakter i orden eller åtferd.

Det er ikkje krav om varsel når ein karakter blir sett ned som følgje av ei enkelthending. I slike tilfelle skal det gjerast enkeltvedtak og opplystast om klageretten.

Det er viktig å innarbeide rutinar for å sikre god dokumentasjon på at skriftleg varsel er sendt.

### 3.3 Dokumentering

I klagesaker som gjeld orden og/eller åtferd er det særleg viktig at skulen kan dokumentere at saksgang for fastsetting av karakter er følgt, og at det har vore kontakt med heimen om tilhøva som har ført til nedsett karakter.

Skulen skal sende følgjande dokumentasjon til klageinstansen:

- klagen
- fråsegn fra rektor og kontaktlærar som gjer greie for kva karakterar i orden og åtferd som har vore gitt tidlegare, kva tiltak skulen har sett i verk for å rette på forholda, og ei fyldig grunngjeving for karakteren
- kopi av ordensreglementet for skulen
- dokumentasjon som viser korleis skulen har behandla saka
- særskilt for grunnskulen: utgreiing for om heimen har vore varsle om at karakteren kunne bli sett ned
- eventuell anna korrespondanse mellom skulen og foreldra eller dei føresette

Klagaren skal ha kopi av fråsegna.

Skulen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg i den perioden klagehandsaminga pågår.

### 3.4 Fråsegn fra rektor og kontaktlærar

Statsforvaltaren vil tilrå følgjande oppgåvefordeling mellom rektor og kontaktlærar:

Rektor gjer greie for følgjande:

- sakshandsaming og prosedyrar på skulen
- alder på eleven dersom klag berre er underteikna av eleven (eleven må ha fylt 15 år for å klage sjølv)
- om klagen er sett fram innan fristen
- når og korleis skulen har informert om klagerett
- tidspunkt for når skulen har sendt kopi av saksdokument til klagar
- tidlegare karakter i orden/åtferd
- tiltak som er sette i verk for å rette på forholda

Kontaktlærar:

- gir ei utfyllande grunngiving for karakteren
  - det er viktig å svare på og kommentere det som eleven eller foreldra peikar på i klagen
  - kontaktlærar si vurdering av eleven i høve til ordensreglementet
  - omtale av merknader eleven har fått gjennom året
  - vurdering av eleven sin orden/åtferd ut frå eleven sin føresetnader
- legg ved kopi av varsel om nedsett karakter
- gjer greie for korleis det er lagt til rette for tilbakemelding og rettleiing
- legg ved annan dokumentasjon frå skule/heim som kan ha innverknad på klagehandsaminga

### 3.5 Endeleg karakter i orden/åtferd

Statsforvaltaren avgjer om klag skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for eleven, jf. forskrift til opplæringslova § 5-13 siste ledd.